

NVE
nve@nve.no

Skjolden 30.06.2015

Merknad til høyring av konsesjonssøknad for Kveken kraftverk

Eg viser til høyring av konsesjonssøknad for Kveken og Kinsedal kraftverk.

Eg er grunneigar i området, og har ikkje signert nokon samarbeidsavtale med Blåfall og kjem ikkje til å gjera det. Dette heng saman med fleire faktorar, men er særleg knytt til uavklarte/usemje kring eigedomsforhold og liten vilje frå Blåfall til å ta tak i det, men òg til inngrepet i seg sjølv.

Finn også grunn til å stille spørsmål ved det eigentlege motivet for kraftprosjektet, når heile prosjektet, der eigedomen min har ein såpass sentral stilling, kom i gang utan at eg vart gjort kjent med det før på eit stadium der andre alt hadde teke avgjerder og kontakta Blåfall om det. Prosessen, framgangsmåten og hendingar knytt til andre forhold, gjev meg grunn til å tru at bakgrunnen for prosjektet heng saman med resultatet av ei jordskiftesak i 1991 knytt til eigedomsforhold.

Per e-post 03.02.14 fekk eg ultimatum frå ein av interessentane om at eg øydela for alle andre, dersom eg ikkje signerte ei avtale om utbygging av elva innan 16.02.14, for då vart det ikkje noko av prosjektet.

Sidan eg ikkje signerte avtala, levde eg lenge i den tru at prosjektet var skrinlagt heilt fram til eg ved ein tilfeldighet 17.11.2014 oppdaga at NVE hadde motteke to konsesjonssøknadar for kraftutbygging i Kinsedal. Inntil då visste eg heller ingenting om at øvre del i realiteten heitte Kveken Kraftverk. Eg mottok dokumenta per e-post 24.11.2014 direkte frå NVE. Dersom eg ikkje hadde skaffa meg opplysningane sjølv, hadde dette vore ukjent for meg fram til no.

Då eg fekk oversendt konsesjonssøknaden forstod eg raskt at det har føregått utstrakt planleggingsverksemd på eigedomen min med m.a. synfaringar, sjølv om eg ikkje skreiv under på noko avtale.

Den 26.09.2014 sende eg ein e-post til prosjektleiaren om å få sjå samarbeidsavtalen som eg aldri signerte. I ettertid har eg undra meg over, og stilt spørsmål ved, motivet til vedkomande for ved dette høvet å lata vera å fortelja meg at det var sendt inn konsesjonssøknad for prosjektet 19.08.2014.

Dette har til saman gjort at eg ikkje har tillit til verken selskapet eller prosjektet.

Eg har registrert at det i dokumenta til Blåfall blir operert med feil %-fordeling i tillegg til gards-

og bruksnummer som ikkje eksisterer eller nokon gong er frådelt. Dette har eg gjort Blåfall kjent med, men selskapet har valt ei line der dei ikkje følgjer opp feil eg har peika på knytt til eigedomsforhold. Dette gjeld spesifikt under Kveken kraftverk. Opplysningane som er gitt frå kommunen til Blåfall via Infoland er ikkje rett. Dette kan eg dokumentere. Eg kan òg dokumentere at andre har sletta og endra dokument knytt til garden min, sannsynlegvis for å legge til rette for m.a. dette prosjektet. Siste korrigering i grunnboka fann stad tre dagar før ultimatumet mitt om å signera avtala om kraftutbygging. Dette er endringar eg aldri har samtykka til, og som eg har oppdaga reint tilfeldig.

Prosjektet legg opp til å grava tvert over eigedomen min, utan at eg er gjort kjent med det. Som skrive trudde eg prosjektet var skrinlagt sidan eg ikkje signerte samarbeidsavtala. Garden til kontaktpersonen blant interessentane som har signert samarbeidsavtala, og som Blåfall har forhalde seg til, blir ikkje graven opp og øydelagt for all framtid. **Det blir min.** Når dette i tillegg er planlagt, synfart og bestemt utan at eg har hatt kjennskap til det eller vore informert om det, finn eg grunn til å stille spørsmål ved seriositeten til selskapet.

Korleis skal eg kunne ha tillit til eit selskap som opptre på denne måten, og til andre interessentar som har fronta dette overfor Blåfall, sett i lys av ultimatumet eg fekk om å skrive under for elles vart det ikkje noko av prosjektet? Det som eigentleg vart sagt i 2014 var at dersom eg ikkje skreiv under, så planlegg me det me vil på eigedomen din utan å informera deg.

Eg kan ikkje sjå at prosjektet gir særleg verdiskaping i eller for bygda, så lenge berre ein av dei som er ført opp på lista over interessentar i konsesjonssøknaden er fast busett i bygda. Storparten av inntektene som prosjektet genererer vil gå direkte til folk busett utanfor bygda. Betre vegtilkomst er i mine auge ikkje nødvendigvis ein positiv faktor for ei bygd. Det einaste som bygda dermed har att er store naturinngrep. Elva og landskapsmiljøet i Kinsedal har etter mitt syn store verdiar, og noko vesentleg av det autentiske blir øydelagt for all framtid med ei slik utbygging.

Øvre del av bygda må etter mitt syn reknast som relativt urørt utanom nødvendig vegframføring til garden min, og ein traktorveg vidare til Kveken som i hovudsak har vore og blir nytta til persontransport med bil. Eg er fødd og oppvaksen på Dalen, og har budd ein vesentleg del av det vaksne livet mitt der. Ingen av dei andre har slik tilknytning til denne delen av bygda, og for dei har verken store naturinngrep her, eller at dei må ta seg til rette på andre mann sin grunn, noko å seia. Det finst område i landet der det alt er gjort store naturinngrep og der verdiskapinga bli att i bygda. Der kan utbyggingar som dette lettare forsvarast.

Viser avslutningsvis til punkt 3 i dokumentet «*NVE inviterer til dugnad for gode småkraftprosjekter*» datert 21.01.2013, og gjer merksam på at dersom Blåfall får konsesjon, så er det framleis heilt uaktuelt for meg å signera ei samarbeidsavtala med dei.

Med helsing

Berit Anny Nyheim
6876 Skjolden

Vedlegg: "*Dugnad for gode småkraftprosjekter*"